



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.01.2023

Vår ref:

2022/16757

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202102364

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til konsesjonssøknad for uttak av vatn til reservevassforsyning for Florø kraftverk - Keipevatnet i Kinn kommune

Statsforvaltaren ser det som ein føremon at drikkevassutbygging i Keipevatnet kan koordinerast med bygginga av Klauva kraftverk. Vi legg til grunn at inngrepa skal avgrensast så langt som råd, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. Den øvste anleggsvegen bør tilbakestilla til køyresterkt terreng, etter same vilkår som er sett for anleggsvegen til kraftverksinntaket.

Vi viser til oversendinga 5.12.2022 som gjeld høyring av søknad for uttak av drikkevatt frå Keipevatnet.

Bakgrunn

Kinn kommune ønskjer å nytte Keipevatnet til reservevasskjelde for Florø vassverk. Det er søkt om eit maksimalt vassuttak på 150 l/s, og om å regulere Keipevatnet mellom kote 432 og kote 434. Det er planlagt felles løysingar med Klauva kraftverk når det gjeld trasé for vassveg og anleggsveg. Det er ikkje omtalt alternativ til den skisserte utbygginga. NVE skal behandle vassuttaket, regulering og vassveg som ikkje har felles trasé med Klauva kraftverk.

Vår vurdering

Avløpet frå Keipevatnet skjer gjennom ein naturleg morenerygg, og denne skal nyttast som dam. Inntakskum med eit overbygg på 2x3 meter, røyrgate vidare ned til kraftverkstraséen, og anleggsvegen vil bli nye og synlege inngrep. Vidare er det opplyst at to meter regulering av vatnet vil vere innafor den naturlege variasjonen.

Vi ser av planane at det er planlagt eit lite og konstant vassuttak for å halde systemet intakt og driftsklart for større uttak ved behov. Vassuttaket vil dermed vere avgrensa samanlikna med inntaksvatnet til kraftverket lenger nedstraums. Det vil framleis vere naturleg avløp gjennom moreneryggen, men mindre enn i dag. Planlagt minstevassføring på 30 l/s er i samsvar med konsesjonen for kraftverket.

Vi kjenner ikkje til spesielt viktig naturmiljø eller raudlisteartar som vil bli påverka av vassuttaket eller inngrep knytt til tiltaket. I miljøutgreinga for Klauva kraftverk blei ein lokalitet med litt urterik vegetasjon, og ei lita kløft/bratt li i midtre delar med litt varmekjær vegetasjon, under tvil ikkje

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



registrert som spesielt verdifulle miljø. Det er truleg fleire krevjande fuglearter som til dømes kongeørn og kvitryggspett i området, men vi kjenner ikkje til hekkeplassar i influensområdet til denne vassverkutbygginga. Det er registrert store naturverdiar vest for Klauvavassdraget, og det blir for tida utgreidd skogvern etter naturmangfaldlova. Vassverksutbygginga i Klauvavassdraget vil ikkje påverke dette området.

Øvre del av anleggsvegen er omtalt som «bratt anleggsveg langs grøftetraséen» i konsesjonssøknaden, og den vil liggje i ope terreng over skoggrensa. Det er ikkje utdjupa nærare i søknaden korleis vegen vil inngå i terrenget, eller om terrenget vil bli tilbakeført etter anleggsarbeidet.

Utbyggingsområdet inngår i eit svært viktig friluftsområde, og det går ein merka tursti opp langs Klauvaelva til Keipevatnet. Stien er ein del av ruta Grytadalen – Stillebåen som er omtalt på [Ut.no](https://www.ut.no). Anleggsvegen vil krysse denne stien, og vi reknar med at vegen kan bli synleg òg frå øvre del av stien i dalsida aust for Klauvaelva.

I høyringsfråsegna vår til konsesjonssøknaden for Klauva kraftverk vurderte vi at øvre del av kraftanlegga ville bli synlege frå landområde på andre sida av Norddalsfjorden, inkludert det lokalt viktige friluftsområdet på Grønenga og Massøya, og frå delar av fjorden. Det òg vil gjelde anleggsvegen frå kraftverksinntaket og opp til vatnet. I konsesjonen for Klauva kraftverk er det føresett at anleggsvegen frå tunnelen og opp mot vassinntaket ved Keipevatnet skal vere mellombels, og tilbakeførast til «køyresterkt terreng». Vi legg til grunn at det blir sett same føresetnad for anleggsvegen til drikkevassinntaket i Keipevatnet. Elles vil ein viktig føresetnad for kraftutbygginga bli utan meining, og drikkevassutbygginga vil bli eit vesentleg landskapsinngrep.

Nye inngrep i vassdrag skal vurderast etter vassforskrifta. Dette er nærare omtalt av Vestland fylkeskommune i deira fråsegn, og vi i har ikkje innspel utover deira vurdering.

Den nedste delen av traséen vil gå gjennom dyrka mark. Vi legg til grunn at inngrep i dyrka areal blir tilbakeført i tråd med moderne prinsipp.

Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser. Det positivt at tiltaket kan koordinerast med konsesjonsgitt vasskraftutbygging, då det vil gi mindre nye inngrep ved drikkevassutbygginga. Den øvre delen av anleggsvegen, røyrtraséen ned til kraftverksinntaket og inntakskonstruksjonane kjem i tillegg til kraftverksinngrepa, som vesentleg grad er planlagd som ikkje-synlege inngrep etter at anleggsarbeidet er ferdig. Området er til ein viss grad òg påverka av vindkraftutbygging, noko biletet i søknaden av landskapsrommet ved Keipevatnet viser. Vi legg til grunn at nye inngrep blir avgrensa så langt som råd, slik at den samla belastinga ikkje aukar meir enn nødvendig.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 om tiltakshavars ansvar for å unngå forureining.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Kinn kommune

Vestland fylkeskommune

postboks 294

Postboks 7900

6701

5020

MÅLØY

BERGEN